



**MELAND KOMMUNE**  
Rådmannskontoret

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
Vår ref. RHH

Journalp.ID 09/11476  
ArkivsakID 09/2437  
Arkiv nr. N-000

Dato 08.09.2009

**MELDING OM VEDTAK**

**HØYRING - FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGLINER FOR  
DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN**

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

**RÅDMANNSKONTORET**

---

*Randi Hilland*  
Randi Helene Hilland  
Sekretær

Vedlegg

---

**Adresse**  
Postboks 79  
5906 Frekhaug  
postmottak@meland.kommune.no  
raadmannskontoret@meland.kommune.no

**Telefon:**  
56 17 10 00

**Telefaks:**  
56 17 10 01  
avd . 56 17 10 01

**Bankkonto:**  
3632 07 00242  
**Bankkonto, skatt:**  
6345 06 12563

**Heimeside:**  
www.meland.kommune.no  
**Kartinformasjon:**  
www.nordhordlandskart.no

# Meland kommune

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Formannskapet	02.09.2009	HET	087/09

<b>Avgjerd av:</b> Formannskapet	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Helge Thorsen	NMA	N-000	09/2437

### HØYRING - FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	29.06.2009	Miljøverndepartementet	HØYRING - FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN

#### Saksutgreiing:

Det ligg føre høyringsframlegg d. 29.06.09 frå Miljøverndepartementet. Frist for å gje uttale til framlegget er sett til 04.09.09.

Grunna den korte høyringsfristen er det uråd å leggje saka fram for kommunestyret.

Saka er avkonferert med ordførar, der det var semje om at administrasjonen utarbeider høyringsuttale.

#### ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Meland kommune kan ikkje sjå at vi treng ei statleg planretningsline der sentrale styresmakter peiker ut geografiske område med såkalla differensiert forvaltning. Strandsonevernet står sterkt frå før, og er i endå større grad teke vare på gjennom endringane i plandelen av plan- og bygningslova, som styrker den kommunale planlegginga. Det er innført endå større krav til dokumentasjon, konsekvensutgreiingar og kartleggingar, som grunnlag for kommunen sin planlegging av arealbruken gjennom kommuneplanen. Kommuneplanprosessen er både grundig og demokratisk, og gjev mykje større legitimitet til arealbruken enn det ei statleg planretningsline evner å gje. Statlege styresmakter sin politikk vert til fulle ivareteke av regionale statlege instansar, særleg av fylkesmannsembetet.

Strandsonevernet har over fleire år redusert tilgangen til sjøliv og båtliv for folk flest. Det er kamp om båtplassar i dei få marinaene som vert realisert, og inngangsbilletten er etter kvart særst dyr, som vanleg er når eit gode vert opphøgd til luksus. Dei færraste har økonomi til å drive dyre planprosessar for å få bygd seg eit naust. Den statlege planretningslina og geografiske differensieringa er med på å gjere kampen endå hardare, med lokaldemokratiet og vanlege innbyggjarar langs kysten som taparar.”

02.09.2009 FORMANNSKAPET

**FS-087/09 SAMRØYSTES VEDTAK:**

”Meland kommune kan ikkje sjå at vi treng ei statleg planretningsline der sentrale styresmakter peiker ut geografiske område med såkalla differensiert forvaltning. Strandsonevernet står sterkt frå før, og er i endå større grad teke vare på gjennom endringane i plandelen av plan- og bygningslova, som styrker den kommunale planlegginga. Det er innført endå større krav til dokumentasjon, konsekvensutgreiingar og kartleggingar, som grunnlag for kommunen sin planlegging av arealbruken gjennom kommuneplanen. Kommuneplanprosessen er både grundig og demokratisk, og gjev mykje større legitimitet til arealbruken enn det ei statleg planretningsline evner å gje. Statlege styresmakter sin politikk vert til fulle ivareteke av regionale statlege instansar, særleg av fylkesmannsembetet.

Strandsonevernet har over fleire år redusert tilgangen til sjøliv og båtliv for folk flest. Det er kamp om båtplassar i dei få marinaene som vert realisert, og inngangsbilletten er etter kvart særst dyr, som vanleg er når eit gode vert opphøgd til luksus. Dei færraste har økonomi til å drive dyre planprosessar for å få bygd seg eit naust. Den statlege planretningslina og geografiske differensieringa er med på å gjere kampen endå hardare, med lokaldemokratiet og vanlege innbyggjarar langs kysten som taparar.”

**Rett utskrift**

**Dato:** 08.09.09

*Randi Hilland*

**Kopi til:**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Miljøverndepartementet